

Balkanske superstjerner blåste liv i Evanger og laga ein forrykande folkefest av rytmar og glede.

Dei fleste av dei rundt 400 fram-møtte klappa og let seg riva med av rytmane då musikarar frå det kjende bandet Marko i Boban Markovic spela i promenade gjennom Knute Nelson-gata og fram til scena laurdag i 13.30-tida. Fem år gamle Julia Nyqvist Zonno dansa etter musikarane og spela lufttrompet, medan pensjonerte Sigrun Kvar-ekvål sat på ein benk og heldt seg for øyra. Den vesle jenta hadde saman med familien kome frå Hønefoss for å få med seg Balkanfest på Evanger, medan den godt vaksne kvinna hadde teke turen frå Skulestadmo for å få med seg kulturhendinga.

– Det er mykje liv og røre, og det er kjekt. Men dei spelar altfor høgt for meg, seier Sigrun Kvar-ekvål.

Då promenaden var gjennomført hadde festen alt vart ei tid. Fredagskvelden var det Balkan Beat Party og DJ Prinsen Paulista i Vassvoretun. Laurdag opna gata klokka 12. I skulen var det eige BadnaBalkan med teater og klovnar. Frå hovudscena sytte Gipsy Tunes for å gje folk den rette stemninga med ein gong. I teltet sat folk og nytte både den gode musikken og åt korv frå Evanger eller serbisk hamburgar. Utover føremiddagen entra Kronengen Brass Band scena for Bergen Internasjonale Folkedansklubb og Vannebo Band avslutta programmet på dagtid.

PÅ EVANGER BUR det rundt 20 personar frå Balkan, m.a. frå Bosnia, Serbia og Kroatia. Balkanarar hadde elles teke turen frå Bergen, austlandet og visstnok også frå Sverige for å bli med på festen. Hovudgrunnen var at sjølvaste Marco i Boban Markovic skulle på scena om kvelden.

– Uverkeleg og veldig koseleg at me har Balkanfest her på Evanger. Det er kjekt å visa folk noko anna frå Balkan enn krig, seier Miroslava Milinkovic. Ho er frå Balkan og bur på Evanger. Laurdag gjekk det i eitt for Miroslava. Ho jobba iherdig for at matkøane skulle gå fort unna og gjorde elles alt ho kunne for at arrangementet skulle gå knirkefritt. Dennis Basara steikte serbiske hamburgarar i eitt bankande køyr. Om kvelden slo han seg laus til rytmane frå Boban i Marko Markovic.

– Dette er eit av favorittbanda mine. Dei er verkeleg store. Det er heilt utruleg at eit så stort band spelar her på Evanger. Heilt fantastisk, smiler Dennis Basara.

I SNART 20 år har Boban Markovic Orkester vore det leiande baltiske brassbandet i Serbia. Sjefen sjølv stammar frå ei lang rekkje sigøy-narmusikkarar. I løpet av desse åra har bandet gjeve ut mange CD-ar, vunne prestisjetunge prisar og hatt konsertsuksessar over heile verda. Dei siste åra har bandet hatt namnet Boban i Marko Markovic, sidan sonen Marko har kome med i bandet. Han vert saman med faren rekna som leiande trompetist i verda i denne musikkforma. Mange av dei framførte kunne nesten ikkje venta på at heltane skulle koma på scena. Men sjølv om det var timar igjen til hovudattraksjonen kunne folk

få med seg smakebitar frå det 12 mann store bandet. Musikarane heldt til på Evanger helga gjennom og spela nesten utan stans i området utanfor konsertsona.

MED HUMOR I MASSEVIS og ei utruleg speleglede opna Gabriel Fliflet og Ole Hamre kveldsprogrammet frå hovudscena. Diverre var det litt for få som hadde funne vegen til konsertområdet så tidleg på kvelden. Men bergensarane fekk god kontakt med og respons frå dei som var på plass. Duoen spela på eit vidt spekter av musikalske innfall. Som dei sjølv sa: – Me spelar sørtexacansk, i spedd makedonisk sjutakt og litt hissig sørserbisk nitakt. Men framført på gyngande karibisk vis og i veldig bergensk ånd.

– Haben sie angst?, spurde Fliflet sin kollega då Hamrofonen, sett sa-

man av steikepanner og gryter laga litt problem for Hamre.

– Ich auch, la Fliflet trøystande til. Etter trampeklapp for bergensduoen var scena om litt klar for Vannebo Band. Tida nærma seg for den store augneblinken. Utanfor konsertarena varmar Marko og nokre av dei andre musikarane opp med drivande spel.

Eit jubelbrøl gjekk gjennom Evanger om lag klokka 22. Då entra 12 musikarar scena. Frå første trompettone hadde dei publikum i fyrverkeri. Boban trylla med trompeten. Marko var likevel scenesjefen og tok seg av showet. Dei ti andre musikarane ausa på det dei kunne ned sigøynerisk livsglede, men også nokre sorgfulle tonar av livserfaring.

FESTIVALSJEF Jørn Styve hadde sjølv sagt mykje å gjera under sjølv arrangementet, men når favorittbandet hans stod på scena, tok han seg tid til å dansa litt.

– Det er jo umogeleg å stå i ro når ein høyrer slik musikk, smiler Styve. Då han starta å jobba med ideen til Balkanfesten, hadde han ikkje trudd at han skulle få tak i dette bandet.

– Dei er veldig store ute i verda. Så eg vart veldig overraska då me fekk ja, seier Jørn Styve, som opplyser at 300 personar opplevde kveldsprogrammet.

BOBAN MARKOVIC koste seg på Evanger, både på scena og ved elva. – Om me spelar på ein stor eller liten plass, er det ingen skilnad på. Me gjer jobben vår, og folk dansa og hadde det kjekt her i kveld. Men

det kunne godt ha vore litt fleire i konserten, seier den baltiske brassbandet legenda Boban Markovic til «Hordaland». Legenda legg til:

– Evanger er ein vakker stad. I likar spesielt godt at elva renn li ved.

Etter Evanger står millionby Frankfurt på spelelista til dei 12 musikarane i det populære bandet.

DEI DYKTIGE musikarane avsluttet Evanger-eventyr med konsert kyrkja søndag.

– Kyrjekonserten vart ein siell og vakker konsert. Det gav oss musikarane uttrykk for. Dei 70 i kja var privilegerte, opplyser J. Styve.

ØRJAN BRATTETVEIT | tekst og obr@avisa-hordaland

Blåste liv i Evanger





LEVERTE: Boban i Marko Marković leverte varene. Superstjernene spela fantastisk.



FEST: Publikum festa til dei vakre tonane frå hovudattraksjonen Boban i Marko Marković.



VARIERT: Programmet på Evanger var variert. Gipsy Tunes og Flifelt/Hamre leverte kvar for seg god underhaldning.

LUFFTROMPET: Julia Nyqvist Zonno (5) koste seg i promenaden bak musikarane. Med innleving og glede spela ho lufttrompet.

” Det er mykje liv og røre, og det er kjekt. Men dei spelar altfor høgt for meg

SIGRUN KVAREKVÅL



HØGT: Sigrun Kvarekvål held seg for øyrene når musikantane går forbi.



TRAVEL: Miroslava Milinkovic er frå Balkan, men bur på Evanger. Ho jobba iherdig under festen.